

FAGERTUN LEIRSTAD



PROSJEKTBEKRIVELSE

Del A – Prosjektinformasjon

A1 Dokumentliste

- A. Prosjektinformasjon
- B. Beskrivande del

A2 Ein kort presentasjon av oss

Husastyret for Fagertun Leirstad søker med dette om midlar til prosjektet med å pusse opp det gamle skulehuset på Fagertun. Dette vil i fyrste omgang verta brukt som aktivitetslokale for å avlaste internat og møtesal på leirar. På litt sikt vonar me at huset også skal kunne nyttas til overnatting.

A3 Orientering om prosjektet

A3.1 Orientering Fagertun Leirstad

Fagertun leirstad ligg i Eksingedalen, omlag 2,5 times køyretur frå Bergen. På Fagertun er det 10 rom med 4 senger og to rom med plass til 2 personar. Til saman blir dette 44 sengeplassar. Alle romma er utstyrt med vask. Internatet har eigen dusj og toalett for damer og herrar. Renoverert unisex dusj/toalett i kjellar, der det også eit toalett tilrettelagt for

rullestolbrukarar. Leirstaden har også eit nytt storkjøkken der det er mogleg å lage mat til alle som bur på leirstaden På Fagertun er det kombinert møtesal og stove. I møtesalen er det enkelt lydanlegg, piano og videokanon. Stova har 5 sofagrupper med bord. Ute er det unike forhold for turgåing i den flotte vestlandsnaturen, både sumar og vinter. I elva kan ein bade og fiske.

På Fagertun vert det arrangert leirar heile året, hovudsakleg born og unge, men også for vaksne. Dette er eit arbeid som husastyret ynskjer å utvida.

På tomta står også det gamle skulehuset. Huset har stått ubrukt i ca 20 år og har ikkje vore renover. Det er ikkje tilslutta vatn og avløp. P.t. har huset inngangsparti, gang, kjøkken i 2 etg, 1 større rom i 1 etg og ein stor sal i kvar etasje. Hausten 2024 hadde huset lekk tak og alvorlege råteskader.

Det er ingen merkbar biltrafikk forbi leirplassen, og dette fører til ein fredelig atmosfære. Folk som nyttar Fagertun snakker ofte om kor fredfullt og godt det er å komma seg vekk frå kvardagens mas og bråk. Fagertun vert eigd av Norges Samemisjon, Bergen krets. Norges Samemisjon er en uavhengig organisasjon med same vedkjennelsesgrunn som Den Norske Kyrkja.

A3.2 Prosjektinformasjon

Fagertun Leirstad er liten og kompakt leirplass med internat, møtesal, matsal og kjøkken i eit og same bygg. Møtesalen vert brukt til 2 eller 3 parallelle aktivitetar. Sidan me ofte har fulle leirar med born og unge, fører dette til eit høgt aktivitetsnivå, og ikkje minst støynivå. Born og unge treng rett og slett meir plass å boltra seg på.

Då Fagertun leirstad vart bygd i 1974, brukte ein berre det gamle skulehuset. Dei siste 20 åra har ikkje dette huset vore i aktiv bruk forfalle kraftig. Når no behovet melder seg for meir plass, ynskjer me å nytte denne bygningsmassen. Me har difor sett i gang ei vøla. Arbeidet må gjerast innanfor dagens krav, og vert difor omfattande. Under fylgjer ei kort skildring av dei ulike tilaka. Me ynskjer at flest mogleg skal kunne nytte Fagertun leirstad, og legg difor til rette for universell utforming i bygga våre.

Tak

Austsida av taket er intakt og har vorte skifta. Vestsida av taket har vore lekk i mange år og tetta med enkle grep siste åra. Behovet for nytt tak var prekært, og husastyret mobiliserte difor til takvøla. Taket vart altså nytt hausten 2024. Der vart skifta bord i sutaket med råteskader. I tillegg reker, lekter og nye sutakplater. I vøla vart taket forlenga ca 2,5 meter mot nord slik at inngangspartiet vart dekkja med overbygg. Dette arbeidet er så godt som ferdig. Gjernstår noko maling.

Inngangsparti

Denne delen av huset er eit tilbygg. Her er det satt inn ny dør. På grunn av lekkasje måtte alt i inngangspartiet rivast, både vegger og tak. Setningsskader under tilbygg førte til glipe mellom tilbygg og hovedbygg. Glipe er tetta. P.t er det satt opp nytt tak, skifta råteskadde deler av reisverket, rommet er isolert og elektriker har installert nye punkt og klarlagt varmekabler for

gulvstøyp. Gulvet skal få støyp og fliser. Veggane og taket panel og 2 lamper. Her er me i avslutningsprosessen.

Reperasjon av rom (saler) oppe og nede

Me ynksjer no å klargjere aktivitetssalane oppe og nede til bruk. Der kan ein t.d. ha bordtennis, biljard, sofagrupper og sitte i osv. På grunn av fukt og råteskader har det vorte rydda ut og kasta mykje gamalt rot. Det er også gjort ein god del rivingsarbeid. Det må leggest nye golv i romma. Og tømmerveggane må vaksast ned og overfaltebehandlast. Elektriker går over anlegg og skifter det som må skiftast.

Installasjon av varmepumpe (Varmepumper)

Bygget er elektrisk oppvarma. Tidlegare har denne oppvarminga skjedd med vedfyring i kombinasjon med gamle panelomnar. Dette er ikkje bærekraftig. Me ynksjer difor i tillegg å installere 2 luft til luft varmepumper, for å spare straum.

Isolering og byte av kledning

Det huset me snakkar om er eit gammalt tømmerhus. Det er liten eller ingen isolasjon i bygget. Kledningen må på eit tidspunkt skiftast ut. Me ynksjer å lekte ut og isolere bygge på nytt frå utsida. Dette vil gjere at me sparar store straumkosntadar, og hjelpe oss til å bli bærekraftige.

VVS

Tidlegare har det gamle bygge husa kjøkken, men ikkje toalett. Me ynksjer å bygge eit bad og toalett. Dette betyr at me også lyt gjera ein del arbeid med å få godkjent avløp i bygget.

Straum

Det elektriske anlegget i huset er delvis gammalt. Dette treng oppgradering. Husastyret vil i samråd med elektriker lage ein plan for elektrisk anlegg for å få ein heilskapleg blick på anlegget.

Leilighet

På sikt ynksjer me å bygge ei lite leilighet i bygget med 2-4 soveplasser. Denne leiligheta kan nyttas i forbindelse med leiraktivitet. Eller ein kan faktisk tilby eit utleige av dette eine huset åleine. Me har t.d. fiskarar, jegarar og sauesankarar som treng husvære i sesongen, og då er det kanskje ikkje naudsynt å låne ein heil leirstad.

D2 STØNAD TIL PROSJEKTET

Dugnadsinnsatsen ved Fagertun har i alle år vore stor. Det vert iløpet av eit år arrangert mange dugnadsleirar. Me er også så heldige at me har fagfolk som gir oss kraftig avslag på pris fordi at dette går til ei god sak. Samtidig er det ikkje til å stikke under ein stol at det prosjektet me skildrer her kjem til å koste fleire 100-tusen. Husastyret har satt seg føre at me vil dele opp prosjektet i etappar. På denne måten kan me være sikre på at dem eine delen vert fullført, før me begynner på neste. Me vil også ha kontroll på økonomien og sikre oss mot budsjettsperekkar.

På bakgrunn av skildringa over, samt oversikt over prosjektkostnader under, ber me om stønad til prosjektet. Vår kalkyle er totalt på kr 1.659.125,- og forståast som eit bruttobeløp inklusiv mva. Dersom me trekker frå mvakompensasjon og dugnadsinnsats, får me ein sum på kr 1.004.800,-. Husastyret opplever økonomisk støtte til prosjektet gjennom gjevarar. Me tillet oss å søkje om alle delsummer,

bortsett for leilighet. Der er ingenting avklart i styret. Dersom me også trekker frå kr 100.000,- i gjevarteneste, får me ein netto søkjsum til Samemisjonen på kr **744.800,-**.

D3 Prisbærande postar

Alle prisbærande postar er inkludert mva

Timesatsar 300 kr/t
dugnad:

| Prosjekt: Skulehuset på Fagertun | | | | | |
|----------------------------------|--------------------------------------|--------------|---------|--------|---------|
| Post nr | Spesifikasjon | Dugnadstimer | Mengd | Pris | Sum |
| 1 | Tak | 250 | 1 | 140000 | 140000 |
| 2 | Inngangsparti | 50 | 1 | 60000 | 60000 |
| 3 | Rehabilitering gang | 80 | 1 | 20000 | 20000 |
| 4 | Reperasjon av rom saler oppe og nede | 100 | 2 | 20000 | 40000 |
| 5 | Varmepumpe oppe og nede | | 2 | 35000 | 70000 |
| 6 | Utvednig isolering byte av kledning | 300 | 4vegger | 45000 | 180000 |
| 7 | Straum | 70 | 1 | 150000 | 150000 |
| 8 | Nytt bad | 60 | 1 | 300000 | 300000 |
| 9 | Ny leilighet | 150 | 1 | 200000 | 200000 |
| 10 | Utelampe | | 1 | 4000 | 4000 |
| 11 | Elbil lader | | 1 | 10000 | 10000 |
| 12 | Takhette | | 1 | 7000 | 7000 |
| 13 | Råteskade bunnsville hus | 15 | 1 | 25000 | 25000 |
| Totalsum | | | | | 1256000 |
| Dugnadstimer | | 1075 | | 375 | 403125 |



